

SYKKYLVEN KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

07.11.2014

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmann

Medlemmane av
Kontrollutvalet

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet.

**torsdag, den 13. november 2014 kl. 14.30
i Blåsalen**

SAKLISTE:

- Sak 27/14 - Godkjenning av møtebok frå møte 25. september 2014
- « 28/14 - Evaluering av arbeidet til no i utvalet og tankar for arbeidet ut valperioden, eventuelt nye saker – vidare drøfting frå førre møte (sak 25/14)
- « 29/14 - Orientering om den økonomiske situasjonen i Sykkylven kommune for budsjettåret 2014 – jf. sak 26/14 – økonomirapport pr. 2. tertial 2014
- « 30/14 - Orientering om utviklinga i overskridingar for Støyskjerm Tregardan
- « 31/14 - Engasjementsbrev frå revisor
Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post harlald.rogne@sksiks.no

Odd Jostein Drotninghaug
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
SYKKYLVEN KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 25. september 2014, kl.14.00

Møtestad: Formannskapssalen

Møtet vart leia av: Sigmund Valbø

Elles tilstades:

Grethe Melseth, Ole Bjørn Roald og Anita Søvik

= 4 voterande

Odd Jostein Drotninghaug hadde meldt forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne. Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen og revisjonsrådgjevar Svein Ove Otterlei.

Frå Sykkylven kommune møtte økonomisjef Arild Bergstrøm i sak 26/14.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

SAK 19/14

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 16. MAI 2014

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 16. mai 2014 blir godkjent.

SAK 24/14

STATUS FOR ARBEIDET I UTVALET OG SAKER UNDER ARBEID

Tre saker ligg no på vent. Desse blir å prioritere framover hausten.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 25/14

EVALUERING AV ARBEIDET TIL NO I UTVALET OG TANKAR FOR ARBEIDET UT VALPERIODEN

Ulike tema vart drøfta.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka blir å kome tilbake til i neste møte.

SAK 26/14

ORIENTERING OM DEN ØKONOMISKE SITUASJONEN I SYKKYLVEN KOMMUNE FOR 2014

Økonomisjef Arild Bergstrøm orienterte.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering, men vil kome tilbake til saka i neste møte.

Sigmund Valbø
nestleiar
(sign.)

Grethe Melseth
medlem
(sign.)

Ole Bjørn Roald
medlem
(sign.)

Anita Søvik
medlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sykkylven kommune

Dato: 07.11.2014

**SAK 28/14
EVALUERING AV ARBEIDET TIL NO I UTVALET OG TANKAR FOR ARBEIDET
UT VALPERIODEN**

Same tema vart drøfta, men ikkje ferdigdrøfta i møte 25. september 2014 og det vart vedteke å kome tilbake til temaet i neste møte. Nedanfor er opplista oppgåver for kontrollutvalet.

Ordninga med at kommunar vart pliktig til å oppnemne eigne kontrollutval, vart innført med kommunelova i 1992 (lov 25.september 1992 nr 107 om kommuner og fylkeskommuner). Tidlegare hadde denne funksjonen med tilsyn og kontroll med kommunane vore plassert hjå formannskapet og eksterne organ, som fylkesmannen. Sistnemnte har, slik som andre eksterne kontrollorgan har framleis ein del kontroll- og tilsynsoppgåver med kommunane, men ikkje i same omfang som tidlegare.

Det vart i samband med forarbeida til kommunelova (Ot.prp. nr. 42 (1991-1992)) lagt betydeleg vekt på kontrollfunksjonen som kontrollutvalet skulle ha. Føresetnadene var på den eine sida at kommunestyret/fylkestinget skal trekkje opp meir overordna og langsiktige retningslinjer for den kommunale/fylkeskommunale verksemda, samt at dei på den andre sida skal kontrollere at desse vert følgt opp i praksis.

Ved lovendringa i 2003 var hovudfokuset på at kontrollutvalet skulle få ein meir aktiv og uavhengig rolle overfor kommunen samt dei som var ansvarlig for revisjon av kommunens verksemd. Ved lovendringa vart det eit nytt kapittel 12 som omhandlar internt tilsyn og kontroll, samt revisjon. Kapitlet erstatta den tidlegare § 60.

Hovudsiktemålet for kontrollutvalet sitt arbeid er gjennom sitt løpende tilsyn og etterfølgjande kontroll med kommunal verksemd, i størst mogleg grad å vere med på å sikre at kommunens verksemd er i tråd med gjeldande lover og regelverk, samt skape tillit til den kommunale forvaltninga av fellesskapets ressursar på vegne av kommunens innbyggjarar.

2. Avgrensing

I det vidare ønskjar ein i hovudsak å framstille ei oversikt over saksbehandlinga i kontrollutvalet, herunder ei oversikt over saker fordelt på tre hovudkategoriar: Saker kontrollutvalet skal behandle, saker kontrollutvalet bør behandle, samt saker som elles kan takast opp til behandling. Ein vil samstundes prøve å lage ein oversikt over saker som blir

behandla kvart kalenderår samt saksbehandlinga av desse, med tillegg av saker som elles kan komme opp og der det finst vedtekne prosedyrar for saksbehandlinga.

3. Heimelsgrunnlag

Kontrollutvalet si saksbehandling er heimla i kommunelova §§ 77, 78 og 80 samt i forskrift av 15. juni 2004 nr. 905 om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner (kontrollutvalgsforskriften) og forskrift 15. juni 2004 nr. 904 om revisjon i kommuner og fylkeskommuner mv. (revisjonsforskrifta)

4. Saker til behandling i kontrollutvalet

4.1 Saker som skal behandlast i kontrollutvalet

4.1.1. Rekneskapsrevisjon

4.1.1.1 Årsrekneskap

Det følger av kommunelova § 77 nr 4 at ”*kontrollutvalget skal påse at kommunens.. regnskaper blir revidert på en betryggende måte.*” Med rekneskap må ein her forstå årsrekneskap. Kva årsrekneskap omfattar og skal innehalde, følger av kommunelova § 48.

I dei tilfella der kommunen har skilt ut delar av si verksemd i egne føretak som kommunale føretak (KF), er kontrollutvalet pliktig til å behandle desse då dei ikkje er egne rettssubjekt, men ein del av kommunen og saman med rekneskapen til kommunen avspeglar dei den samla verksemda i kommunal regi.

4.1.1.2 Årsmeldingar

Det følger av koml § 48 nr 1 at årsmelding skal føreligge seinast samtidig med årsrekneskapen til kommunen eller dei kommunale føretaka. Årsmelding og årsrekneskap skal samla sett gi eit heilhetleg bilete av den samla verksemda i kommunen i det føregåande året. Dette gjeld og for kommunale føretak.

Herunder ligg og om ønskjeleg utarbeiding av årsmelding for kontrollutvalet. Sjølv om kontrollutvalet fortløpende rapporterer til kommunestyret om resultat av sitt arbeid, jf. koml § 77 nr 6, ser ein det som naturleg at utvalet også tek ei årleg oppsummering av saker som har vore oppe til behandling i utvalet.

4.1.1.3 Oppfølging av revisjonsmerknader

Det følger av kontrollutvalgsforskrifta § 8 ei plikt for kontrollutvalet å sjå til at eventuelle merknader eller forhold revisor har påpeikt i samband med årsrekneskapen blir følgt opp.

4.1.2 Forvaltningsrevisjon

4.1.2.1 Overordna plan for forvaltningsrevisjon

Koml § 77 nr. 4 andre punktum slår fast at kontrollutvalet skal ”*påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak*”. Vidare skal kontrollutvalet sjå til ”*at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets vedtak og forutsetninger*” - forvaltningsrevisjon.

Det følger av kontrollutvalgsforskrifta § 10 at det blir utarbeidd ein overordna plan for forvaltningsrevisjon minst ein gong i løpet av ei fireårsperiode og seinast innan utgongen av året etter at kommunestyret vart konstituert,

Kva ein forvaltningsrevisjon skal innehalde, følgjer av revisjonsforskrifta § 7.

4.1.2.3 Forvaltningsrevisjonsrapportar

So snart forvaltningsrevisjon er gjennomført, skal kontrollutvalet i samsvar til § 11 i forskrifta gi rapport til kommunestyret om resultata av denne. Dette samsvarer med revisjonsforskrifta § 8.

4.1.2.4 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapportar

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunestyret sine vedtak i tilknytning til behandling av forvaltningsrevisjonsrapportar blir følgt opp, jf kontrollutvalsforskrifta § 12.

I denne samanhengen skal kontrollutvalet gi rapport til kommunestyret om korleis kommunestyrets merknader til forvaltningsrevisjonsrapporten har blitt følgt opp. Tidlegare saker som etter utvalet si meining ikkje er blitt følgt opp på ein tilfredsstillande måte, er kontrollutvalet pliktig til å rapportere.

Alle forvaltningsrevisjonsrapportar skal systematisk følgjast opp for å sjå til at forvaltninga iverkset tiltak for å rette opp påviste avvik.

Det er kommunens administrative leiing med rådmannen i spissen som har ansvar for oppfølginga av kommunestyrets merknader. I dette ligg at det er administrasjonen sjølv, ikkje kontrollutvalet, som kan fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik i det konkrete tilfellet.

4.1.3 Selskapskontroll

4.1.3.1 Plan for selskapskontroll

I samsvar med koml § 77 nr. 5 skal kontrollutvalet ”*påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens interesser i selskaper m.m.*” Det er gitt ein eigen særbestemmelse om selskapskontroll i koml § 80.

Minst ein gong i løpet av ein fireårsperiode og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, skal kontrollutvalet utarbeide ei plan for gjennomføring av selskapskontroll, jf kontrollutvalsforskrifta § 13.

Herunder vil det gjerne følgje med ei liste over dei selskapa det er relevant å føreta selskapskontroll av på vegne av kommunestyret.

Kva ein slik selskapskontroll skal omfatte, følgjer av forskriftas § 14.

I tillegg til selskapskontroll, er det ikkje til hinder at det samtidig blir gjort ein forvaltningsrevisjon av det respektive selskapet. Det følgjer av forskrifta § 14 andre ledd.

Selskapskontrollen er som med forvaltningsrevisjon, ei bestilling kontrollutvalet gjer. Utføringa av denne kontrollen er det ofte hensiktsmessig å tillegge ansvarleg revisor.

I dei tilfella det kun er snakk om å få utført selskapskontroll, er det ikkje til hinder for at denne kan utførast av kontrollutvalets sekretariat.

4.1.3.3 Rapportering om selskapskontroll

Utført selskapskontroll skal rapporterast til kontrollutvalet. Utvalet avgjør sjølv korleis rapporteringa skal føregå, samt kva rapporten skal innehalde. Etter eit kontradiktorisk prinsipp, skal eit selskap som er omfatta av selskapskontroll og den som utøver kommunens

eigarfunksjon, alltid gjevast høve til å gjeve uttrykk for sitt syn på dei forholda som er omtala i rapporten. Dette følgjer av forskrifta § 15.

4.1.4 Revisjonsplan

Det følgjer av kontrollutvalsforskrifta § 9 at kommunens verksemd blir gjenstand for forvaltningsrevisjon. I dette ligg at det utarbeiding av revisjonsplan. Då også revisor er ansvarlig for planlegging, gjennomføring og rapportering av rekneskapsrevisjon for den enkelte kommune, jfr revisjonsforskrifta § 4, vil ein revisjonsplan også omhandle rekneskapsrevisjon. I dei tilfelle det skal gjennomførast selskapskontroll, bør også dette innarbeidast i planen.

Kontrollutvalet har ei ”bestillarolle” når det gjeld forvaltningsrevisjon. Utvalet er pliktig til å sjå til at revisjon blir gjennomført, men at oppdraget for sjølve gjennomføringa blir sett ut til revisjonen. Med tanke på den bestiller – utførar rolla mellom kontrollutvalet og revisjonen, ser ein det som ein naturleg konsekvens at revisjonen også utarbeider revisjonsplana (t.d. plan for forvaltningsrevisjon).

4.1.5 Rapport frå revisjonen

Oppdragsansvarleg revisor skal rapportere tilbake til kontrollutvalet resultat av sin revisjon og kontroll. Denne rapporteringa kan med fordel gjerast halvårleg.

4.1.6 Anna

4.1.6.1 Vurdering av revisors uavhengigheit

Den som utføre revisjon på vegne av kontrollutvalet, skal løpende vurdere si uavhengigheit. Det følgjer av revisjonsforskrifta § 15 at oppdragsansvarleg revisor kvart år, avgir ei skriftleg eigenvurdering av si uavhengigheit til kontrollutvalet.

4.1.6.2 Val av revisjonsordning

I dei tilfeller kor kommunen vurderer å tilsette eigne revisorar, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon (IKS), eller inngå avtale med anna revisor, skal kontrollutvalets innstilling i saka leggst til grunn. Det følgjer av koml § 78 nr 3, samt forskrifta § 16. Kontrollutvalet kan og av eige tiltak foreta ei slik utgreiing og avgi innstilling overfor kommunestyret. Utgreiing av revisjonsordninga kan utførast av kontrollutvalet sitt sekretariatet eller andre eksterne.

4.1.6.3 Val av revisor

Som med punktet ovanfor, skal val av revisor for kommunen skje på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvalet, jfr. koml § 78 nr 4. Kontrollutvalet kan av eige tiltak foreta utgreiing og leggje fram innstilling i saka. Denne saka må sjåast i samanheng med ovanstående punkt.

4.1.6.5 Budsjettbehandling

I sambande med den årlige budsjettbehandling, skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalets forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følgje formannskapetets innstilling til kommunestyret. Det følgjer av kontrollutvalsforskrifta § 18. I revisjonsselskap organisert som IKS er det representantskapet som vedtek budsjettet, jf lov av 29.januar 1999 nr. 6 om interkommunale selskap § 18.

4.2 Saker som kontrollutvalet bør behandle

4.2.1 Oppfølging av politiske vedtak

I løpet av eit kalenderår vedtek kommunestyret mange saker av ulikt omfang. Det er kommunens administrasjon som skal effektivere desse vedtaka. Då kontrollutvalet utleiar sin kompetanse frå kommunestyret som øvste tilsynsorgan med den kommunale forvaltninga, koml § 77 nr 1, jfr. § 76, og førestår det løpande tilsynet med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret, fell det naturleg at utvalet også krev ei orientering og oversikt over saker som ikkje har blitt iverksatt frå administrasjonen si side. Ei ikkje iverksett avgjerd fatta av kommunestyret vil være å sjå på som i strid med kommunestyrets vedtak og føresetnader.

Kontrollutvalet bør da kunne krevje at administrasjonen legg fram ein oversikt over vedtak som heilt eller delvis ikkje er iverksett, samt ei begrunning frå administrasjonen for denne situasjonen. Kontrollutvalet kan kun krevje å få seg førelagt kva saker det er snakk om, kva saken gjeld og kva forhold som har vanskeleggjort gjennomføringa frå administrasjonen si side. Kompetansen inn i mot korleis administrasjonen vel å iverksette vedtak fatta i folkevalde organ, ligg til den administrative leiinga, med mindre det følgjer av lov eller i medhald av lov, eller kommunestyret har lagt føringar eller vedtekne retningsliner for korleis slike avgjerder skal iverksettast.

4.2.2 Skatterekneskap

Tidligere vart skatterekneskapen revidert av den lokale revisjonen som ga ei halvårleg revisjonsmelding til kommunen. Denne funksjonen vart 1. juli 2004 overført til Riksrevisjonen. Samtidig opphøyrd denne tilbakerapporteringa til kommunen. Etter denne dato blir det kun gitt ein årleg kontrollrapport som blir oversendt kommunen.

Kontrollrapporten gir kommunen tilbakemelding på om skatteoppkrevjarfunksjonen i kommunen blir utført på ein tilfredsstillande måte. Rapporten inneheld og eventuelle forslag til tiltak og forbetringpunkt. Skattedirektoratet stiller ingen krav til formell behandling av kontrollrapporten i kommunestyret/kontrollutvalet, men føreset at kommunen følgjer opp eventuelle tiltak og forbetringar. Vidare blir det frå Skattedirektoratets side forventa at skatteoppkrevjaren oversender skatterekneskapen og kopi av dokumentet til kommunestyret/kontrollutvalet.

4.2.3 Retningsliner for selskapskontroll

Det følgjer av kontrollutvalforskrifta § 14 kva ein selskapskontroll skal innehalde. Sjølve gjennomføringa av selskapskontroll er ikkje regulert i revisjonsforskrifta. Av den grunn bør kontrollutvalet utarbeide eigne retningsliner for korleis selskapskontroll skal gjennomførast som eit tillegg til forskrifta § 14. Dette kan kome inn i planen for selskapskontroll.

4.3 Saker som elles kan bli behandla i kontrollutvalet

4.3.1 Rekneskapsrapportar

I samsvar med budsjettforskriftene skal det leggst fram regnskapsrapportering minst to gongar pr. år utanom årsrekneskapen for kommunestyret. Desse rapportane bør også bli behandla i kontrollutvalet. Kontrollutvalet har ansvar for å sjå til at årsrekneskapen blir lagt fram i tråd med gjeldande regelverk.

4.3.3 Referat og orienteringar

Kontrollutvalet bør få ei tilbakemelding om saker som har vore behandla i dei ulike folkevalde organa i kommunen. Spesielt gjelder det saker kor kontrollutvalet har gitt si fråsegn eller kor saka er utarbeidd med innstilling frå kontrollutvalet.

Andre relevante saker kan vere tilbakemelding frå møte kor leiar og eventuelt nestleiar i utvalet har vore med.

4.3.4 Gjennomgang av møtebøker

Kontrollutvalet skal foreta eit løpande tilsyn med den kommunale forvaltninga. Av den grunn kan det vere praktisk å føreta ein gjennomgang av møtebøker for dei andre folkevalde organa i kommunen. Dette for å sikre at vedtaka er i tråd med formell kompetanse som er gitt desse i samsvar med gjeldande delegeringsreglement, samt lover og forskrifter og sjå til at saksbehandlinga er i tråd med gjeldande regelverk. I hovudsak skal beslutningsprosessane vere i tråd med forvaltningslova, offentleglova og kommunelova sine eigne bestemmelsar. For det tredje gjeld det å sjå til at dei vedtak som er fatta innhaldsmessig ikkje strir mot gjeldande lov og regelverk.

4.3.5 Møteplan for kontrollutvalet

Kontrollutvalet kan sjølv bestemme seg for om og eventuelt når møte skal fastsettast. Legg ein til grunn dei tidsfristane som gjeld for behandlinga av ulike sakstypar, kan ein ut i frå desse kunne sette opp ein møteplan for kontrollutvalet si verksemd. Dei opplysningane som kjem fram i punkt 5 om tidsfristar for behandling samanhalde med utkast til årshjul, gir kontrollutvalet ein forholdsvis klar oversikt med tanke på kva for saker ein kan forvente å behandle i dei forskjellige møta.

4.3.6 Reglement for kontrollutvalet

Kommunelova § 77 og kontrollutvalsforskrifta kapittel 8 §§ 19 og 20 omhandlar saksbehandling i kontrollutvalet, samt sekretariatet si rolle. Bestemmelsane er ikkje til hinder for at det enkelte kontrollutval kan vedta eigne reglement som utfyller forskrifta. Herunder kan ein avklare

- fullmaktsforhold,
- saksbehandlinga,
- utvalet si samansetting/representasjon i kommunestyret
- forholdet KU/sekretariat
- forholdet KU/revisjon, samt
- forholdet sekretariat/revisjon

4.3.7 Sentrale styringsverktøy i kommunen

Samtlege kommunar er meir eller mindre pålagt å utarbeide sentrale styringsverktøy for den kommunale verksemda innanfor dei ulike forvaltningsområda.

Det kan vere:

- **Økonomireglement**
- **Delegeringsreglement**
- **Personalhandbok**
- **Reglement for godtgjersle og erstatning for tapt arbeidsinntekt til folkevalde**

Oppgåva for kontrollutvalet blir å sjå til at desse reglementa er i samsvar med gjeldande lover og regelverk. I samband med revidering og endringar, kan kontrollutvalet komme med eigne fråsegner, slik at dei for ettertida framleis ikkje strir mot anna regelverk som den kommunale forvaltning må forhalde seg til.

4.3.8 Krav til god forvaltningsskikk

Nokre gonger kan det komme enkeltsaker som ikkje er behandla i tråd med gjeldande regelverk. Krav til god forvaltningsskikk er ein ulovfestet rettsleg standard som i den seinare

tid i stor grad har blitt lovfesta gjennom ulike prinsipp. Krav til god forvaltningskikk skal føreligge ved sjølve sakshandsaminga.

5. Tidsfristar for behandlinga

Lover og regelverk samt sentrale styringsverktøy i kommunen fastset spesifikke fristar for når behandlinga av dei ulike sakene skal skje i folkevalde organ. Under følgjer ei oversikt over saker samt når dei skal vere framlagt for behandling.

Årsmelding /årsrekneskap skal bli behandla samtidig og innan 1. juli forskrift av 15. desember 2000 nr. 1424 om årsregnskap og årsberetning (for kommuner og fylkeskommuner) § 10)

Revisjonsmelding skal bli levert av oppdragsansvarleg revisor utan unødig opphald etter at årsrekneskapen er avlagt og seinast 15. april (jf revisjonsforskrifta § 5) Det følgjer vidare at revisjonsmelding skal bli levert også der årsrekneskap ikkje føreligg eller er ufullstendig.

Regnskapsrapportane skal behandlast tertialsvis i kommunestyret

- Regnskapsrapport 1.tertial (pr 30.april) politisk behandling i juni
- Regnskapsrapport 2.tertial (pr 30.august) politisk behandling i oktober

Ved investeringsprosjekt kan det vere krav om avlegging av *sluttrekneskap* til politisk behandling.

Overordna plan for forvaltningsrevisjon skal rullerast innan ein 4 årsperiode og seinast ved utgangen av året etter at kommunestyret har konstituert seg (jf kontrollutvalsforskrifta § 10)

Plan for selskapskontroll skal rullerast innan ein 4 årsperiode og seinast ved utgangen av året etter at kommunestyret vart konstituert (jf kontrollutvalsforskrifta § 13)

Oppfølging av politiske vedtak

For at saka skal vere aktuell, bør ho vere framlagt tidleg på året og seinast samstundes med handsaminga av årsrekneskapen for kommunen, dvs innan 1. juli. Dermed vil saka være med på å skape eit heilheitleg bilete av kommunen si verksemd i det føregåande året.

6. Rapportering til kommunestyret

Mesteparten av dei sakene som det er gitt oversikt over ovanfor, skal rapporterast vidare til kommunestyret. I dei tilfeller bør saka/sakene vere førelagt kontrollutvalet i god tid og seinast 2 veker før handsaming skal skje i kommunestyret.

I dei saker kontrollutvalet ikkje pliktar å leggje fram saka for kommunestyret i lov eller medhald av lov, vil saka som hovudregel bli sett på som avgjort i kontrollutvalet.

I dei tilfelle ligg det til kontrollutvalet sjølv å vurdere kva dei ynskjer å orientere kommunestyret om.

7. Kontrollutvalet sin innstillingsrett

Som hovudregel er kontrollutvalets innstillingsrett ovanfor kommunestyret eksklusiv. Det inneber at det er kun utvalet som legg fram saka. Kommunens administrasjon skal i samsvar med koml § 77 nr. 6 andre punktum allereie ha fått høve til å få uttalt seg i saka.

Unntaka er i hovudsak innstilling i samband med årsmelding/årsrekneskap for kommunen og kommunale føretak (KF). Her vil kontrollutvalet kun komme med ei fråsegn som vert lagt ved rekneskapen. Det følgjer av kontrollutvalsforskrifta § 7. Denne fråsegna vil i hovudsak basere seg på revisjonsmeldinga gitt av oppdragsansvarleg revisor

Kontrollutvalet i Sykkylven kommune

Kontrollutvalet i Sykkylven kommune har hatt høg møteaktivitet og behandla mange saker, av desse fleire tunge saker.

So langt har kontrollutvalet hatt stor fokus på kommunen sin økonomi. Dette fokuset har kome gjennom mellom anna behandling av årsrekneskap og tertialrapportar. Ei viktig sak innan økonomi var det nummererte brevet frå kommunerevisjonen om underskotsituasjonen i forpliktande plan. I fleire omgangar har kontrollutvalet behandla ulike sider ved derivatkontraktane mellom Sykkylven kommune og Nordea Bank ASA. I kjølvatnet av desse kontraktane har kontrollutvalet også behandla forhold knytt til rådmannen sin habilitet.

Kontrollutvalet har også hatt ei sak om sensitive personopplysningar som vart utlagt på kommunen si heimeside.

Kommunen sin kapasitet innan oppmåling og byggesak samt oppfølging av politiske vedtak har også vore til behandling i kontrollutvalet.

I det vidare arbeidet ligg det også relativt tunge saker som skal til behandling. Det blir lagt opp til drøfting av mulige arbeidsoppgåver ut valperioden

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sykkylven kommune

Dato: 07.11.2014

**SAK 29/14
ORIENTERING OM DEN ØKONOMISKE SITUASJONEN I SYKKYLVEN
KOMMUNE FOR BUDSJETTÅRET 2014 – JF. SAK 26/14 – ØKONOMIRAPPORT
PR. 2. TERTIAL 2014**

Som vedlegg følger:

- Økonomirapport pr. 2. Tertial 2014

I førre møte orienterte økonomisjefen om den økonomiske situasjonen til Sykkylven kommune pr. 2. Tertial. Kontrollutvalet vedtok å kome tilbake til saka i neste møte. Prognosane for rekneskapsåret 2014 er i følge rapporten eit meirforbruk (underskot) på 7,25 millionar kroner. Budsjettet underskotsdekking på 7.542.000 er det ikkje dekning for å gjennomføre.

I rekneskapsaka for 2013 ga kontrollutvalet slik uttale i pkt. 2 og 3:

- 2. Kontrollutvalet er sterkt bekymra over den økonomiske utviklinga der det akkumulerte underskotet no har kome opp i 43,4 mill. kroner.*
- 3. I tillegg vil kontrollutvalet presisere at udekkja premieavvik på pensjonar utgjer 35,5 mill. kroner.*

Kommunelova krev at budsjettet går i balanse og den økonomiske situasjonen til Sykkylven kommune synest ikkje å vere under kontroll.

Saka blir lagt fram for kontrollutvalet utan tilråding til vedtak.

Harald Rogne
dagleg leiar

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det vert synt til budsjettvedtaket:

Kommunestyret forventar at administrasjonen legg fram for formannskapet månadleg oversikt over utviklinga i kommuneøkonomien, samanlikna med budsjett. Kommunestyret vert informert tertialvis i høve til møteplan.

Saksopplysning

I samband med rapport per april (1. tertial) presiserte rådmannen for einingane:

Rådmannen vil presisere at budsjettet er bindande for einingane si drift. Budsjettet skal haldast, tiltak må settast i verk for at budsjettet kan haldast. Tiltak eininga sjølv ikkje har fullmakt til å vedta, må fremjast for rådmannen slik at rådmannen kan legge dette fram for formannskap og kommunestyre.

Rådmannen reserverer seg rett til i slike tilfelle å be om utgreiing av eitt eller fleire alternative tiltak.

1. Viss prognosen syner overskriding, skal punkt 2 følgjast.
2. Det skal lagast tiltak som til saman dekkjer innsparing/meirinntekter som er naudsynt for at ein går i balanse.

Rådmannen har i budsjettkontrollsystemet Arena gitt einingane slik oversikt:

- Budsjett og rekneskap per august
- Lønnsoversiktar for alle tilsette
- Automatisk framskriving av utgifter ut året
- Eiga kollonne for endring av den automatiske framskrivinga ut året.

Etter at rapport per 1. tertial var behandla i kommunestyret som sak 43/14, 26. mai 2014, gjekk rådmannen i Leiarforum 19. juni gjennom den politiske behandlinga av rapport per 1. tertial og presiserte på nytt kor viktig det var at kommunestyrets vedtak vart følgt opp:

For å unngå underskot i år, vedtek kommunestyret i den utstrekning det er naudsynt, slike tiltak:

BUAS	INNSPARINGSTILTAK
Stenge kafeteria/endring kjøkken	1 000 000
Redusert merkantil funksjon	300 000
Stenge dagsenter	850 000
Reduksjon leiligheiter/senger	1 250 000
HEIMETENESTE DISTRIKT	
Ikkje leige inn ekstrahjelp	600 000
Ikkje innleige ved sjukdom	500 000
Sum tiltak	4 500 000

Med bakgrunn i ei underskriftskampanje, kom stenging av dagsenteret kom seinare opp som eiga sak i formannskapet 23. juni (Sak 52/14) og 1. september (Sak 58/14):

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Drifta av Dagsenteret held fram som før ut året.
2. Framtidig driftsform og fastsetting av driftsansvar mellom BUAS og Heimetenestene, og ev. samarbeid med Frivilligsentralen skal vurderast i samband med budsjettet for 2015.
3. Talet på årsverk vert redusert frå 1,55 til 0,55, frå og med 1.1. 2015.
4. Drifta på dagsenteret vert redusert frå 5 dagar i veka til 3 dagar i veka frå og med 1.1. 2015.

Vedtaket vart gjort i medhald av Reglement for formannskapet § 2, jf kommunelova § 13 og referert i kommunestyret den 22. september (Referatsak 32/14)

Investeringsbudsjettet:

ANSVAR	ANLEGG/PROSJEKT	REGNSKAP	BUDSJETT	RESTBUD
11102	Støyskjerm Tregardane	801 372	937 500	136 128
11300	IKT Grunnskulen	34 551	237 500	202 949
11700	IKT Investering	465 654	250 000	-215 654
12001	Sentrumsutvikling	227 622	625 000	397 378
12019	Ungdomsskulen, uteområde	60 705	3 125 000	3 064 295
12034	Energiøkonomisering (Sunnmøre Regionråd)	27 145	625 000	597 855
12900	Lån til vidareutlån	306 869	1 062 300	755 431
13001	Flytting Naturhistorisk museum	258 946	1 050 000	791 054
13002	Utstyr Kulturavdelinga	192 232	412 500	220 268
13006	Brannalarm Sjukeheimen	17 640		-17 640
14001	Oppgradering Haugsetvegen	846 933	987 500	140 567
14002	Tilskot til anlegg - Kyrkjene		300 000	300 000
14003	Flytting Kultureininga		300 000	300 000
14004	Buas - Nordre fasade		312 500	312 500
14005	Garderobe Buas/Heimeteneste distrikt		625 000	625 000
14006	Autovern - Trafikktrygding	94 372	212 500	118 128
14007	Større reparasjonar, vegar og overvassleidningar	132 631	687 500	554 869
14008	Andre mindre postar		625 000	
	<i>11101 Veg Meieridalen</i>	<i>55 781</i>		
	<i>12002 Vegnamnskilt, adresseprosjekt</i>	<i>17 501</i>		
	<i>12024 Kostnader Dagmar</i>	<i>64 919</i>		
	<i>12030 Skiløype Fjellsetra</i>	<i>10 476</i>		
	<i>12033 Buas - Utstyr</i>	<i>181 237</i>		
SUM		329 914	625 000	295 086
14009	Brannstasjon		6 250 000	6 250 000
14010	Uføresette postar etter framlegg frå NU		1 602 200	
	<i>12013 Buas, snøfangarar, taktekking</i>	<i>47 235</i>		
	<i>12001 Ombygging Servicetorg</i>	<i>33 505</i>		
	<i>14021 Ny brannbil</i>	<i>90 911</i>		
SUM		171 651	1 602 200	1 430 549
14022	Kjøp av aksjar og andelar		600 000	600 000
14025	Ansvarleg lån Storfjordterminalen AS		5 238 000	5 238 000
19999	Renter i byggetid/Byggelånsrenter		500 000	500 000
19999	MVA-kompensasjon	-929 200	-3 772 940	-2 843 740
19999	Fondsmidlar		-5 838 000	-5 838 000
19999	Lånemidlar	-3 039 037	-16 954 060	-13 915 023
		0	0	0

Fylkesmannen i Møre og Romsdag godkjente eit låneopptak stort kr 5 000 000,00. Lånet er oppteke i Kommunalbanken og utbetalt til kommunen.

Driftsbudsjettet:

Første kolonne syner revidert budsjett.

Prog 1. tert er eininga sin prognose etter 1. tertial

Prog 2. tert er eininga sin prognose etter 2. tertial

Endra prog syner om prognose etter 2. tertial har endra seg til det betre (positivt tal) eller verre (negativt tal)

Avvik er prognostisert overskriding/svikt, alt etter om det er utgifter over budsjett eller inntekter under budsjett.

EINING	BUDSJETT	PROG 1.TERT	PROG 2.TERT	ENDRA PROG	AVVIK:BUD
BARNEHAGAR					
Barnehageadmin	3 525 600	3 529 322	3 514 868	14 454	10 732
Vik barnehage	4 849 100	4 851 925	4 849 100	2 825	0
Tandstad barnehage	3 081 100	3 080 847	3 081 100	-253	0
Blakstad barnehage	3 688 100	3 816 484	3 788 100	28 384	-100 000
Ullavik barnehage	5 948 400	6 118 570	6 145 239	-26 669	-196 839
Vikedalen barnehage	5 643 200	5 716 987	5 643 200	73 787	0
KOMMUNALE BARNEHAGAR	23 209 900	23 584 813	23 506 739	78 074	-296 839
Private barnehagar	27 534 800	27 534 800	27 534 800	0	0
BARNEHAGEADM, KOMM. OG PRIV BHG	54 270 300	54 648 935	54 556 407	92 528	-286 107
BARNESKULAR					
Aure skule	12 613 200	12 513 521	12 609 005	-95 484	4 195
Sørestranda skule	8 648 500	8 647 847	8 697 349	-49 502	-48 849
Tandstad skule	6 190 400	6 189 675	6 190 400	-725	0
Ullavik skule	10 508 000	10 507 682	10 508 000	-318	0
Vik skule	8 498 000	8 749 728	8 760 000	-10 272	-262 000
SUM BARNESKULANE	46 458 100	46 608 453	46 764 754	-156 301	-306 654
Ungdomsskule og vaksenopplæring	28 396 200	29 412 077	28 396 200	1 015 877	0
Felles for skulane, skyss og priv. skular	7 623 068	7 623 068	7 623 068	0	0
SUM FOR GRUNNSKULEN	82 477 368	83 643 598	82 784 022	859 576	-306 654
PLEIE OG OMSORG					
Sykkylven Bu- og aktivitetssenter	50 179 440	53 503 091	51 889 440	1 613 651	-1 710 000
Heimetenestene disrikt	21 556 600	22 715 574	22 087 424	628 150	-530 824
Barne- og familietenestene	32 815 108	32 920 826	32 653 939	266 887	161 169
NAV kommune	5 095 400	5 086 544	5 587 390	-500 846	-491 990
Samhandlingsreforma	9 973 800	9 953 055	10 453 336	-500 281	-479 536
Bu- og rehabiliteringstenestene	25 522 000	27 321 035	27 355 705	-34 670	-1 833 705
Bu- og rehabiliteringstenestene, refusjon			2 800 000	-2 800 000	-2 800 000
SUM FOR PLEIE OG OMSORG	145 142 348	151 500 125	152 827 234	-1 327 109	-7 684 886
Kultur	13 096 140	13 224 628	13 005 724	218 904	90 416

EINING	BUDSJETT	PROG	PROG	ENDRA PROG	AVVIK:BUD
		1.TERT	2.TERT		
Næring	200 000	200 000	200 000	0	0
Tekniske tenester	49 476 568	49 486 035	49 476 568	9 467	0
Kommuneleinga	10 859 500	10 055 080	12 554 956	-2 499 876	-1 695 456
Fellestenestene	16 189 844	16 620 174	16 189 844	430 330	0
Kommunestyret og politisk styring	5 428 500	5 437 567	5 859 084	-421 517	-430 584
FINANSIERING OG ANNA					
Finansiering	-390 978 500	-390 978 500	-388 978 500	-2 000 000	-2 000 000
Reserverte løyvingar og finans	25 411 440	24 876 312	24 876 312	0	535 128
Pensjonar			3 000 000	-3 000 000	-3 000 000
Underskotsoppdekking	7 542 000	401 554		401 554	7 542 000
Avskrivningar	-19 115 508	-19 115 508	-19 115 508	0	0
SUM FOR FINANSIERING OG ANNA	-377 140 568	-384 816 142	-380 217 696	-4 598 446	3 077 128
SAMLA SUM	0	0	7 236 143	-7 236 143	-7 236 143

Kommentarar frå einingar:

Barnehagar:

Barnehageadministrasjon:

Oppsummering:

Totalt for ansvar 20000 (bhg.adm), ansvar 20001 (styrking) og ansvar 20002 (spes.ped) syner prognosen i Arena at budsjettet er i balanse.

Kommentarar:

Opprinneleg budsjett for 2014 var på kr 4 027 600. Seinare vart det vedteke å kutte budsjettet med totalt kr 502 000. Herav kr 460 000 på styrka tilbod funksjonshemma (resten på driftsbudsjettet). Dette trass i kommunestyrets vedtak om Budsjett 2014, der det står at stillingar som er direkte relatert til arbeid med barn med «særlege behov» skal skjermast frå reduksjonane.

At styrkingsressursen har blitt redusert til berre 1,5 stilling gjer det særers vanskeleg for barnehagane å gje borna det dei meiner er eit forsvarleg tilbod. Barnehagane melder at det totale styrkingsbehovet er på totalt ca 8 stillingar.

Spes.ped.ressursen for bhg er no på 2,2 stillingar. Det fins i dag ingen ressursar i kommunen knytt opp mot assistent til spes.ped. I høve tilrådingar frå PPT manglar det pr. dato om lag 100 timar/veke knytt til behov etter Opplæringslova §5-7. Fleire klagesaker er inne, og det knyter seg usikkerheit ved kor vidt kommunen må inn med større midlar etter eventuelle bindande vedtak frå fylkesmannen.

Eit anna usikkert moment i budsjettet er evt meirkostnad knytt til refusjonar for barn frå Sykkylven som har plass i barnehage i andre kommuner. Så vidt eg ser er det ingen system som fangar opp denne eventuelle meirkostnaden før refusjonskrava vert sendt.

Vik barnehage:

Rapporterer at Vik barnehage går i balanse i 2 tertial 2014.

Tandstad barnehage:

Prognosen for Tandstad barnehage viser at budsjettet er i balanse.

Likevel føler eg at vi balanserer på ein knivsegg. Vikarutgiftene/refusjonar er svært usikre. Til ei kvar tid blir behovet for vikarar vurdert opp mot forsvarlegheita. I ein allereie pressa kvardag er det vanskeleg å forsvare redusert bemanning, med hensyn til barna og dei tilsette. Vi vil følgje utviklinga nøye, men allereie no kan det sjå ut som bruken av vikarar ligg heilt på grensa til det forsvarlege.

Lønnsarka er justert med ny lønn for fagarbeidarar og assistentar. Budsjettet er ikkje blitt endra. Tala vil derfor sjå betre ut.

Manuell prognose viser også at eg har redusert på driftspostane. Dette resulterer i at det blir gjort svært lite nye innkjøp av diverse materiell som vi sårt treng i ein allereie nedsliten barnehage.

Blakstad barnehage:

Blakstad barnehage ser ut til å få med eit meirforbruk på om lag kr.100 000,-

Kr.50 000,- av dette gjeld : for høgt berekna inntekter, og kr.50 000,- gjeld i hovuddel vikarbruk. Årsak til feil berekning av inntekter er i hovudsak nedgang i barnetalet frå og med august 2014, dette skuldast flytting til andre barnehagar i kommunen.(5 barn slutta til ferien.)

Eg har kutta ned til saman kr.19 500,- på driftsbudsjettet, men med så knappe midlar der, kan det ikkje kuttast meir. (Dette gjer at vi m.a. må utsette til neste år å få på plass trådlaust nettverk på den midlertidig nedlagte avdelinga. Planen var å få nytte romkapasiteten der til arbeidsplassar for ped.leiarane og øvrige personale, samt grupperom for t.d. spes.ped timar med einskildborn/mindre grupper av born.)

I tillegg gjer vi vårt beste ved å vere restriktive når det gjeld vikarbruk. Så langt som råd er set vi ikkje inn vikar, men må sjølvstøtt heile tida vurdere dette i høve til sikkerheita for borna og dei vaksne.

Skal gjere vårt beste for at vi skal nærme oss balanse i budsjettet .

Ullavik barnehage:

Ullavik barnehage ser ut til å få eit meirforbruk på kr. 196.000,- men med moglegheit for å kunne redusere dette noko ved å kutte i driftspostar.

Meirforbruket skuldast vikarkostnadar kr. ca.75.000,- etter refusjonar og for høgt beregna brukarbetaling kr. 55.000,-

Ullavik barnehage slit med data maskinar som er for gamle og ikkje kan brukast. Eg ser ikkje anna løysing enn å kjøpe inn tre nye berbare PC`er, arbeidsverktøyet må fungere, slik dei tilsette får gjere arbeidet sitt.

Vikedalen barnehage:

Barnehagen rapporterer at budsjettet vil halde.

Skular:

Aure skule:

Gjennomgang av rekneskapen per 31. august syner ein prognose der drifta ved Aure skule/SFO går i balanse ved utgangen av året.

Sørestranda skule:

Gjeldande budsjett 2014	Rekneskap 2014 august	Avvik prognose	Avvik prognose %
8 648 500	5 449 745	48 849	1%

Inntektene på foreldrebetaling SFO er korrigererte for hausten -14, like så inntektene mat SFO. Sjukelønnsref. er også korrigererte.

Korrigeringar for å gå i ballanse vil verte gjort ved å begrense aktivitet/innkjøp

Tandstad skule:

For Tandstad skule/SFO viser rekneskapsrapporten pr. august ei drift i ballanse. Prognosen for resten av året viser det same, og dersom eininga unngår mykje korttidssjukefråver resten av året vil dette gå godt i høve til det allereide kraftig nedjusterte budsjettet.

Ullavik skule:

Eininga har etter vedtak i kommunestyret blitt innvilga ei styrking med 285' for hausten 2014. Denne styrkinga vil bli lagt inn i budsjettet etter budsjettkontrollen. Styrkinga er lagt inn som manuell endring av prognose for fastlønn i Arena. Budsjettkontrollen syner at budsjettet er i balanse.

Vik skule:

30600 Ordinær undervisning

Regnskapstall pr. 31.08.2014 viser kr. 5 788 272 som tilsvare 69,13% forbruk. I Arena har la jeg inn tall for dagens ansatte i perioden 9-12, noe som gir et forbruk på kr. 2 857 495 iht. Arena.

I tillegg skal vi drifte skolen ut året. Når jeg tar gjennomsnittet av forbruket hittil i år (trukket fra skolebøker) får i et forventet forbruk på kr. 95.000 ut året.

Regnskapstall: 5 788 272
Lønn 9-12 (Arena): 2 857 495
Forbruk (9-12): 95 000
Totalt: 8 760 000

Dette viser et merforbruk for 30600 på kr. 390.000 kr.

30601 SFO

Her ligger det an til at vi holder vi budsjettet.

Ungdomsskule/Vaksenopplæring:

Det er ikkje føretatt vesentlege endringar i drifta pr. dato.

Etter gjennomgang av drifta, i samråd med kontrollar, ser eininga ut til å drive i ballanse.

Pleie og omsorg:

Buas:

Sykkylven Bu og Aktivitetssenter har frem til august 2014 hatt lik drift som 2013. Januar 2014 fikk Sykkylven BU og Aktivitetssenter reserverte løyvinger på 2 400 000 kr. Prognostisert underskudd er 1 710 000 kr. Buas administrasjon kan ikke se hvordan vi skal kunne greie å levere et budsjett i balanse uten å bryte arbeidsmiljøloven og helse og omsorgstjenesteloven i denne omorganiseringsperioden.

Vinteren 2014 hadde Buas en pasient som krevde egen bemanning. Dette er utgifter vi ikke kan budsjettere inn i ordinær drift og det kostet Buas 650 000 kr. Dette er penger som ikke blir refundert av staten da brukar var over 67 år.

Våren 2014 ble Jettegryta kafe lagt ned. Dette medførte tap av inntekter, men innsparing på vikarbruk og råvarer. Kjøkkenet har også lagt om produksjonsmetoden fra kok/kjøll til kok/server. Denne omleggingen vil gi innsparinger og en bedre ressursbruk. Kjøkkenet har positive tall.

Kommunestyret vedtok å legge ned dagsenteret 25.5.14. Buas dagsenter ligger innen med lønn og sosiale utgifter til 1,1 million kr. Denne ressursen så vi som nødvendig å bruke til ordinær drift andre steder på Buas. Formannskapet valgte likevel å holde dagsenteret åpent mot Buas administrasjon sin anbefaling for å greie å redusere overforbruk.

Kommunestyret vedtok 25.5.14 å redusere med 7 senger, denne prosessen er i gang og reduksjon av senger vil være avviklet i løpet av høsten 2014. Inntjeningen vil være mindre overtid og ekstrahjelp. Det er også her mindreforbruket vil være i 2015.

Buas er avhengig av alle deler av helsetjenesten er lojal mot omsorgstrappen for å skulle kunne greie å drifte innenfor vedtatte rammer. Pr 12.9.14 er 21 pasienter kom til Buas direkte fra hjemmet uten at dette var planlagt. 41 pasienter er kom til Buas som en direkte følge av samhandlingsreformen. Sykkylven kommune har bare helsebøter på to av pasientene og denne helseboten utgjør 55 055 kr.

Det har vært et bevisst valg å bruke ressursene på pasientene i egen kommune fremfor å betale liggedøgn på sykehus. Noe av overforbruket til Buas kan forklares med dette og bør ses i sammenheng med antall helsebøter. Buas har ikke eget budsjett for dette arbeidet.

Buas har iverksatt tiltak

- Nedlegging av 7 senger
- Omdisponering av egne ressurser
- Stenge dagsenter ?
- Mer kostnadseffektiv produksjon på kjøkken og bruk av ressurser.

Heimeteneste distrikt:

Prognose 2. tertial viser eit meirforbruk på kr 530 824.

Dette er eit betre resultat enn prognose per april som synte eit meirforbruk på kr 1 158 974.

Tiltak for å få budsjettet i balanse er fortsatt å ha fokus på å bruken av ekstravakter. Ser ikkje at eininga har noko anna innsparingspotensiale.

I forhold til at Buas no stenger 7 leilegheiter og reduserer overbelegget som har vore, er eg bekymra i forhold til kva dette vil ha å seie for belastninga til heimetenestene. Fleire brukarar som tidligare ville fått tildelt plass på Buas vil no måtte få tenester frå heimetenestene. Det er heilt umulig å anslå dette i kroner og øre. Så det er høgst usikkert om ein vil kunne få budsjettet i balanse.

Er fortsatt uroa i forhold til auken i sjukefråveret.

Barne- og familietenestene:

Rekneskapen viser noko mindreforbruk ved utgangen av august. Dette skuldast gjennomført vakansekrav ved helsestasjonen, barneverntenesta og ppt. I tillegg har psykologstillinga stått ledig 1. halvår. Reduksjon i budsjettet til flykntingtenesta er retta opp ved hjelp av auka inntekter.

Eit større tiltak i barneverntenesta vil gå ut i løpet av hausten, men samstundes blir to nye kostnadskrevjande tiltak etablert. Det er i prognosen tatt høgd for dei utgiftene ein er kjend med. Som tidlegare nemnt, kan utgiftene her vere svært lite forutsigbare og dermed vanskeleg å prognostisere.

Ein har kontinuerleg fokus på reduksjon av utgifter der dette er mogleg.

Det må nemnast at fysioterapitenesta og legetenesta har meirforbruk/er underbudsjettet. Dette er det ikkje tatt høgd for i prognosen ut frå at handheving av avtalane ligg til kommuneleiinga (ansvara er av budsjettekniske årsaker lagt til barne- og familietenestene). Desse budsjettpostane må i budsjettet for 2015 justerast slik at dei er i samsvar med gjeldane avtaleverk.

NAV Kommune:

Ein viser til prognosen.

Samhandlingsreforma:

Prognosen er basert på opphavleg og justert å kto beløp for året 2014. Årsavrekninga for år 2013 er ikkje kjent og vil kunne påverke denne posten (Årsavrekning år 2012 vart sendt ut i november 2013)

Bu- og rehabiliteringstenestene:

Etter gjennomgang av budsjett og vurdering av tiltak vert Bu- og ReHabiliteringstenestene si prognose – 1 833 705,- for 2014.

På tross av tiltak har ein ikkje lukkast å dekkje inn overforbruket grunna underbudsjettering på blant anna følgjande poster:

Post	Rekneskap 2013	Budsjett 2014
Samla tillegg for alle tilsette: helg, høgtid, kveld og natt.	5 149 647,-	1 989 300,-
Ferievikarar	766 000,-	0,-
Sjukevikarar	2 746 610,-	550 000,-
Skyssgodtgjersle (størsteparten av forbruket er til støttekontakter)	239 782,-	50 000,-
Sum	8 902 039,-	2 589 300,-

Overforbruket skuldast i hovudsak:

- Vikarløn ved sjukdom
- Vikarløn ved ferieavvikling

- Helg-, kveld- og høgtidstillegg til dei fasttilsette og vikarar
- Skysskostgjersle til støttekontaktar
- Avlastning til heimebuande

Tiltak som er iverksette:

- Reduksjon av tenester til eit nivå som er godt nok og fagleg forsvarleg. Men det har synt seg vanskelig i klagesaker å redusere tenestetilbodet, då det skal dokumenterast at brukarane har blitt friskare.
- Nytildeling av tenester har blitt gitt innanfor gitte driftsrammer – det er ikkje auka opp personalressursar på tross av auka brukarar og tiltak.
- Fastløn er redusert med 1 489 611,- grunna vakansar.
- Eit minimum på innleige ved sjukdom og ferieavvikling.
- Fagleiarane har vore mykje i pleien av si arbeidstid.
- Mestan ingen bruk av vikarbyrå.

Vidare er det eit minimum innleige av vikarar ved sjukdom og ferie, men det er vanskelig å seie i kr kor mykje det utgjer. Pr august har eininga hatt sjukevikarkostnader på kr 1 612 087,- Refusjonen frå NAV dekkjer ikkje dei reelle utgiftene kommunen har og eigenmeldingar fører i stor grad til doble kostnader. Sjukefråværet har vore jamt høgt i eininga, men har gått ned siste tida og håpet er at det vert ytterligare redusert.

Inntekt på ressurskrevjande personar er ikkje inntektsført på budsjettet, men brev frå Helsedirektoratet seier at inntekta for 2013 blei kr 12 451 000,- for heile kommunen. Korleis dette vil slå ut for eininga er usikkert.

Med tanke på underbudsjettering når ein ser på tal frå rekneskapen på 2013, kunne ein i utgangspunktet utan å ha gjort dei grepa/tiltaka som har vore gjort forventa eit fleirdobbla meirforbruk. Eininga vil fortsette å gjere grep for å effektivisere tenestene, samtidig som ein skal sikre faglig forsvarlege tenester.

Ein har i eininga lagt opp til stor samhandling og utnytting av personell på tvers av bustadgruppene og ved Haugbukta dagsenter. Dette har gjort at vi er mindre sårbare ved sjukdom mm. Vi har jobba hardt for å rekruttere tilsette som har gjort at vi for 2014 i liten grad har nytta vikarbyrå. Kostnaden for 2013 var på 1 755 576,- mens vi for inneverande år har hatt ein kostand på kr 71 664,-.

Eininga har hatt ein sjukefråvær opp mot 15% delar av året, dette har gitt oss store utfordringar i forhold til å ha folk på arbeide. Det har skapt store og ineffektive ordningar for eininga at ein ikkje har kunne tilsette folk eller skrive lengre arbeidsavtaler med personar der ein har hatt langtidsfråvær. Ein får ikkje utnytta personell ressursen i så stor grad som ynskjelig, når ein berre har vikarar frå dag til dag. Ein ser eit potensiale i sparing med å få tilsette fleire fast, ein vil kunne forvente meir av fasttilsette enn av vikarar. Dette då særleg i forhold til indirekte brukar arbeide.

Andre:

Kultur:

Det er nokre avvik her og der – ein del inntekter har ikkje kome inn enno. Men stort sett er det meste under kontroll. Det har så langt ikkje skjedd noko uforutsett i drifta av anlegg osv.

Størst utfordring blir nok å halde drifta av kulturhus og kino utover hausten, og kome i balanse her. Mykje kjem an på besøkstal på kinodrifta og kva filmar som kjem og kva slags oppslutning desse får. 2014 er første heile driftsåret for dette, så vi får hauste erfaringar med dette og justere etter kvart.

Næring:

Budsjettet vil halde

Teknisk:

Pr. august ser det ut som om eininga samla går i balanse.

Der er posteringsubalanse innan brann (60231) og bygg (60241), men begge ansvara vert vurdert til «gå i null» ved årsslutt.

Førebels er løn sakshandsamar ført åleine på felles (60200), men større del av lønsutgiftene vert å flytte over på byggesaker (60201).

I sum for eininga skulle dette ikkje ha betyding, jf. prognose for budsjettbalanse.

Kommuneleilinga:

Hovudårsaka til usamsvar er sluttavtale med rådmannen. Etter regelverket skal alle utgifter vedkomande sluttpakken utgiftsførast i år 2014 sjølv om størsteparten av utgiftene kjem i år 2015, 2016 og 2017.

Ei anna årsak er bruk av kommuneadvokaten, først og fremst i samband med sak mot Nordea.

Fellestenestene:

Ansvar 710 Fellestenestene/Fellesutgifter syner eit meirforbruk.

Tiltak:

Mange faktorar er usikre. Det blir dagleg jobba med å kontrollere utgiftene, evt. prøve å auke inntektene. Målet er å kome ut i balanse.

Kommunestyret:

Ansvar 800 Kommunestyre syner eit overforbruk på kr 430 000.

Årsak er utgifter til overformynderi – etterslep frå 2013, samt utgifter knytt til rekruttering ny rådmann.

Tiltak:

Det vert jobba med å få ei erstatning frå fylkesmannen som kjem til å dekkje utgift til overformynderi. Utgift knytt til rekruttering ny rådmann reknar eg med politisk ynskjer å uttale seg om sjølv.

Finansiering:

Svikten i inntekter her er svikt i skatt og rammetilskot.

Eg siterer frå KS sine kommentarar frå utgangen av august:

Det er først når det endelige ligningsoppgjøret foreligger i oktober og korrigeringer av fordelingene mellom skattekreditorene kommer at man kan se hvordan den endelige skatteinngangen blir. Skatteutviklingen er altså usikker, men hvis veksten på årsbasis blir like svak som i perioden januar-august, kan kommunesektoren få inntil 1,3 mrd mindre i skatteinngang enn anslaget som ble gitt i RNB 2014.

«Kommunal rapport» 2. oktober 2014:

Rapportene etter åtte måneder viser at nesten alle kommuner som har svart, ligger dårligere enn budsjettet, viser de første resultatene fra en KS-undersøkelse.

Ifølge Eide (direktør for interessepolitikk) er det særlig barnevern, pleie og omsorg og sosialtjenesten som sprekker i kommunene som har svart så langt.



Ifølge budsjettundersøkelsen KS gjennomførte på nyåret, har tre av ti kommuner budsjettet med netto driftsunderskudd. Siden så mange nå sliter med å holde budsjettene blir det antakelig flere enn dette som ender i minus i år.

Frå KS si heimeside:

KS anslår at årets netto driftsresultat for kommune-Noreg vil bli på berre rundt 1 prosent. Det vil i så fall for kommunane i Noreg vere det dårlegaste driftsresultatet sidan kriseåret 2008.

Fleire økonomar spår at i samband med framlegging av statsbudsjettet for år 2015 vil skatteanslaget for år 2014 bli sett enno meir ned.

Sykkylven kommune har i alle år nytta statens anslag på skatt og rammetilskot i budsjetta sine. For året 2014 opplever vi at skatteinntangen blir mykje mindre enn statens prognose. Skattesvikt grunna i lokale tilhøve vert delvis kompensert men skattesvikt på line med andre kommunar, vert ikkje kompensert.



Ein vurderer svikten i skatt og rammetilskot netto til å bli kr 2 000 000.

Reserverte løyvingar og finans:

Pensjon:

Frå kommuneøkonomiproposisjonen for år 2015:

Nivået på pensjonspremiene vil også i 2014 være særlig høyt som følge av at pensjonsleverandørene fortsatt har behov for å styrke premiereservene. Dette er nødvendig for å kunne møte Finanstilsynets krav om at pensjonsavsetningene skal ta høyde for økt levealder.

Om pensjonsordninga:

I august/september året før budsjettåret melder pensjonsselskapa premien i prosent av lønn (Pensjonspremie). Denne vert betalt men ikkje belasta rekneskapan. I januar/februar året etter budsjettåret får vi melding om kor stor del av premien som skal belastast rekneskapan (Pensjonskostnaden) Skillnaden mellom Pensjonspremie og Pensjonskostnad vert kalla Premieavvik. Premieavviket kan vere positivt (for oss) eller negativt. Hittil har han vore positiv for årsrekneskapan. Denne har Sykkylven kommune vald å amortisere over fleire år.

Ein kan da sette opp slikt reknestykke:

Pensjonspremie
-Premieavvik
+Amortisering av tidlegare års premieavvik
=Årets rekneskapsførte pensjonskostnad.

I september i rekneskapsåret leverer pensjonsselskapa eit estimat på premieavviket for inneverande år. Konsekvensane av dette vert så å budsjettkorrigere. Kontrollen gjort i september 2013 for året 2013 synte godt samsvar mellom vårt estimat på premieavvik og dermed grunnlag for utrekning av årets pensjonskostnad i rekneskapan.

Same kontroll i 2014 syner, med bakgrunn i pensjonsselskapa sine estimat at pensjonskostnaden vi skal rekneskapsføre, vert langt

Underskotsdekking:

Det er budsjettert å dekke gamle underskot (kr 43 430 108) med kr 7 542 000. Då prognosen er gjort opp med samla overskridingar, må denne posten strykast – Jf strykingsreglane i Budsjett- og rekneskapsforskriftene.

Anna:

I tillegg til å halde oppe trykket på innsparingar/nedsparringar har kommuneleiinga arbeidd mykje med:

- Internkontroll
- Budsjettkontroll
- Kontroll med innkjøpsavtalar

Fram til no har vi hatt ein slik saksgang:

- Person legitimert til å bestille varer/tenester plasserer ei bestilling
- Vare/teneste vert motteke – forbrukt
- Faktura vert sendt til tilvising av einingsleiar

Vi køyrer no prøveprosjekt på slik ordning via eit system for elektronisk handel i økonomisystemet:

- Person legitimert til å bestille varer/tenester plasserer ei bestilling
- Einingsleiar godkjenner/tilviser bestillinga
- Bestilling vert sendt leverandør

- Faktura vert matcha mot bestilling.

Vi kan da føre mykje betre kontroll:

- Einingsleiar får høve til vurdere innkjøpet før det er gjort/høve til å kontrollere om det er budsjettdekking.
- Økonomiavdelinga kan ta ut rapportar som syner om innkjøpsavtalane våre vert følgde/at vi får dei prisane vi har oppnådd.

Vurdering

10. februar vart budsjettet behandla på nytt. Jf K-sak 8/14:

Slike løyvingsendringar vart vedteke:

1. Justert budsjett for 2014 vert vedteke med slike endringar:

Ansvar/oppgåver	Auke utgift	Redusert utgift	Auke inntekt	Redusert inntekt
Auke inndekking underskot	5 038 177			
Styrking eldreomsorg	2 557 823			
Reduksjon skatt og rammetilskot				2 095 000
Auka tilskot private barnehagar	1 714 000			
Bruk av auka utbytte frå SE AS		2 000 000		
Reduksjon Reserverte løyvingar		500 000		
Auka brukarbetaling barnehagar			188 000	
Auka brukarbetaling SFO			111 000	
Auka husleige BUAS			400 000	
Kommunestyret		436 672		
Vikedalen barnehage		75 000		
Vik barnehage		63 000		
Tandstad barnehage		38 000		
Blakstad barnehage		54 500		
Ullavik barnehage		77 500		
Barnehageadministrasjon		42 000		
Private barnehagar		250 000		
Sørestranda skule		78 000		
Aure skule		114 000		
Ullavik skule		91 500		
Vik skule		77 000		
Felles for skulane		55 500		
Ungdomsskule/vaksenopplær		284 000		
Heimeteneste distrikt		100 000		
Barne- og familietenestene		200 000		
Butenestene		200 000		
NAV kommune		200 000		
Kultur		350 000		
Kyrkje		150 000		
Næring		287 000		
Teknisk		500 000		

Ansvar/oppgåver	Auke utgift	Redusert utgift	Auke inntekt	Redusert inntekt
Kommuneleiing		1 682 328		
Fellestenestene		800 000		
<i>Ikkje fordelt red. lønnsmidlar</i>		<i>2 000 000</i>		
Delsum	9 310 000	10 706 000	699 000	2 095 000
Budsjettbalanse				0

Allereie i opphavleg budsjett låg det inne ein ikkjefordelt sum på 2 mill kroner som skulle takast ut i form av vakansar. Ved kommunestyrets vedtak vart denne summen auka til 4 million kroner.

Rådmannen fordelte «Ikkje fordelt reduksjon lønnsmidlar» slik:

Art	Ansvar	Funksjon	Tekst	Grunnlag	Endring
14900	40320	242	Flyktning		-500 000
14900	60200	190	Vaktberedskap tekn		-100 000
10100	93041	190	Lønnsauke i året		-200 000
14900	21000	201	Vik bhg, avdeling Aurdal 33%	100%/4 mnd	-146 000
14900	20000	201	Adm bhg, -75% stilling	150%/6 mnd	-460 000
14900	21200	201	Blakstad barnehage 125 %	300%/5 mnd	-400 000
14900	30100	202	Aure skule 33%	80%/5 mnd	-190 000
14900	30101	202	Aure skule ass 14%	25%/7 mnd	-60 000
14900	30200	202	Sørestranda skule ass 5%	12%/5 mnd	-30 000
14900	30200	202	Sørestranda skule lærar 20%	50%/5 mnd	-130 000
14900	30300	202	Tandstad skule 60%	60%/12 mnd	-580 000
14900	30300	202	Tandstad skule, ass 13%	13%/12 mnd	-57 000
14900	30400	202	Ullavik skule 7%	13%/7 mnd	-30 000
14900	30600	202	Vik skule, lærar 23%	35%/8 mnd	-120 000
14900	30600	202	Vik skule, Assistent 7%	13%/7 mnd	-30 000
14900	40300	190	Barn/fam 25%	50%/6 mnd	-150 000
14900	40300	190	Barn/fam 17%	100%/2 mnd	-130 000
14900	40300	190	Barn/fam sjukmeld 50%	100%/6 mnd	-260 000
14900	70103	120	Økonomi 60 %	60%/12 mnd	-325 000
			Fordelte lønnsmidlar		4 000 000
			Budsjettbalanse		0

I tillegg vart det i K-sak 8/14 gjort slikt vedtak:

1. Det skal innførast tilsettingsstopp. Det skal ikkje lysast ut ledige stillingar utan politisk godkjenning frå formannskapet.
2. Den nye stillinga ved teknisk etat rekrutterast internt, og denne personen sine tidlegare oppgåver fordelast på dei andre. Innsparing 1 årsverk.
3. Overtidsbruk kun ved fare for liv og helse. Elles avspasering.
4. Styrking av BUAS vert endra til styrking av eldreomsorg.

Dette er gjennomført. Td er alle stillingar ein likevel har måtta erstatte, lyst ut under føresetnad om godkjenning i formannskapet. I sommarferien delegerte formannskapet denne godkjenninga til rådmannen. Rådmannen har lagt særskilt vekt på at punkt 3 (Overtid berre ved fare for liv og helse) også lojalt må følgast opp.

Det vart også vedteke eit oversendingsforslag:

1. Vurdering av innsparing ved innføring av felles einingsleiar for alle barnehagane. Jfr. tidlegare vedtak vedk. organiseringa av Sykkylven kommune.
2. Vurdering av innsparing ved innføring av felles einingsleiar for alle skulane. Jfr. tidlegare vedtak vedk. organiseringa av Sykkylven kommune.
3. Vurdere innsparing i administrativ ressurs: Kultureining, servicetorg.
4. Delegeringsdirektivet skal opp til ny handsaming.
5. Kutt i ikkje-lovpålagte tenester på 20%.
6. Vurdering av outsourcing kjøkkendrift BUAS.

I samband med at kommuneleiinga vart redusert frå 4 til no 2 stillingar, gav ein melding til kommunestyret om at arbeidet med dette oversendingsforslaget måtte bli sett på vent til ny rådmann var på plass. Dette vart akseptert.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal godkjente driftsbudsjettet ved brev datert 6. mars i år. Låneopptak (kr 5 000 000) vart godkjent ved brev datert 12. mai i år.

Økonomiske konsekvensar

Prognose etter 1. tertial synte at av budsjettet underskotsdekking kr 7 542 000, gav prognosen rom for underskotsdekking kr 401 554.

I samband med framlegging av prognosen etter 1. tertial vedtok kommunestyret 26. mai 2014 som sak 43/14:

BUAS	INNSPARINGSTILTAK
Stenge kafeteria/ending kjøkken	1 000 000
Redusert merkantil funksjon	300 000
Stenge dagsenter	850 000
Reduksjon leiligheiter/senger	1 250 000
HEIMETENESTE DISTRIKT	
Ikkje leige inn ekstrahjelp	600 000
Ikkje innleige ved sjukdom	500 000
Sum tiltak	4 500 000

Stenging av dagsenter er seinare vedteke ikkje sett i verk:

Korrigert oppsett:

BUAS	INNSPARINGSTILTAK	SAMLESUM
Stenge kafeteria/ending kjøkken	1 000 000	
Redusert merkantil funksjon	300 000	
Reduksjon leiligheiter/senger	1 250 000	2 550 000
HEIMETENESTE DISTRIKT		
Ikkje leige inn ekstrahjelp	600 000	
Ikkje innleige ved sjukdom	500 000	1 100 000
Sum tiltak	3 650 000	3 650 000

Rådmannen syner til kommentarane frå einingsleiarane.

Innsparing og gjennomføring iflg meldt prognose:

EINING	INNSPARINGSTILTAK	MELDT GJENNOMFØRT	RESTSUM
Buas	2 550 000	1 614 000	936 000
Heimeteneste distrikt	1 100 000	628 000	472 000
Sum tiltak	3 650 000	2 242 000	1 408 000

I alle negative meldingane som her vert lagt fram, er det viktig også å få med seg det positive i det desse to einingane har klart å gjennomføre.

Driftsinnskrenkingane som her er gjorde vil få heilårseffekt i år 2015, dersom kommunestyret ikkje vedtek noko anna, og vil soleis vere med å lette ein vanskeleg situasjon, også i år 2015.

Prognose etter 2. tertial syner at ikkje noko av budsjettert underskotsoppdekking vil skje, og at kommunen går mot eit nytt underskot – ca 7,25 mill kroner.

EINING	BUDSJETT	PROG 1.TERT	PROG 2.TERT	ENDRA PROG	AVVIK:BUD
FINANSIERING OG ANNA					
Underskotsoppdekking	7 542 000	401 554		401 554	7 542 000

At innsparingstiltaka innan Buas og Heimeteneste distrikt ikkje har forbetra den samla prognosen, skuldast i all hovudsak svikten i refusjon for ressurskrevjande brukarar, kr 2 800 000.

Kronemessig er forværringa skjedd hovudsakleg innanfor område der driftseiningane har liten eller ingen påverknad:

OPPSUMMERT PROGNOSE	BUDSJETT	PROG 1.TERT	PROG 2.TERT	ENDRA PROG	AVVIK:BUD
Tilhøve einingane ikkje kan påverke:					
Skatt og rammetilskot	-390 978 500	-390 978 500	-388 978 500	-2 000 000	-2 000 000
Sluttavtale rådmannen	10 859 500	10 055 080	12 554 956	-2 499 876	-1 695 456
Meirbelastning pensjon	0	0	3 000 000	-3 000 000	-3 000 000
Samhandlingsreforma	9 973 800	9 953 055	10 453 336	-500 281	-479 536
Underskotsdekking	7 542 000	401 554	0	401 554	7 542 000
Delsum	-362 603 200	-370 568 811	-362 970 208	-7 598 603	367 008
Tilhøve einingane kan påverke:					
Buas	50 179 440	53 503 091	51 889 440	1 613 651	-1 710 000
Heimeteneste distrikt	21 556 600	22 715 574	22 087 424	628 150	-530 824
Bu- og rehabiliteringstenestene, drift	25 522 000	27 321 035	27 355 705	-34 670	-1 833 705
Bu- og rehab. Refusjon	0	0	2 800 000	-2 800 000	-2 800 000
Andre	265 345 160	267 029 111	266 073 782	592 869	-728 622
Delsum	362 603 200	370 568 811	370 206 351	0	-7 603 151
Hovudsum	0	0	7 236 143	-7 598 603	-7 236 143

May-Helen Molvær Grimstad
rådmann

Arild Bergström

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sykkylven kommune

Dato: 07.11.2014

**SAK 30/14
ORIENTERING OM OVERSKRIDINGAR FOR STØYSKJERM TREGARDANE**

Det blir vist til vedlegga. Det blir laga eit resyme av utviklinga i byggekostnadane med utgangspunkt i desse. Eg føreset då at eg har hatt tilgang til dei nødvendige dokumenta.

I 2009 var stipulert kostnad 500.000 kroner, storleiken på støyskjermen var 200 kvadratmeter. Misnøye med framdrift førte til at bebuarar gjekk til rettsak mot kommunen og kommunen vart forplikta til å etablere støyskjermen innan 1. september 2012.

Støyskjermen skal no vere på 408 kvadratmeter og lågaste tilbod var på om lag 1.4 millionar kroner, sjå saksprotokoll frå kommunestyret 27.05.2013.

Av kommunestyresak 26/13 går det fram at det har blitt gjort ein berekningsfeil slik at prisen på støyskjermen gjekk opp frå 1.371.100 til 1.902.272 kroner, beløpa er eksklusiv meirverdiavgift. Kostnadsramma auka utover dette med 300.000 kroner. I eit formannskapsvedtak etter § 13 (hasteparagrafen) vart kostnadsramma auka frå 2.300.000 kroner til 2.600.000 kroner.

I k-sak 54/14 i møte 17.06.2014 vart budsjettamma for støyskjermen auka med 750.000 kroner.

Byggekostnadane er desse:

2011:	43.125 kroner
2012:	353.393 «
2013:	2.992.213 «
2014:	<u>758.359</u> «
Sum	<u>4.147.090 kroner</u>

Rådmannen blir invitert til møtet for å gjere nærare greie for kostnadsstyringa og prosjektstyringa.

Harald Rogne
dagleg leiar

Støyskjerm Tregardane

	Regnskap 2014	Regnskap 2013	Regnskap 2012
ALLE	758 359	2 992 213	353 393
11102 STØYSKJERM TREGARDANE	758 359	2 992 213	353 393

Harald Rogne

Fra: Arild Bergstrøm <arild.bergstrom@sykkylven.kommune.no>
Sendt: 18. juli 2014 10:22
Til: Harald Rogne
Emne: SV: Tregardane støyskjerm

Sjekka. Det vart brukt kr 43 125 til formålet i år 2011

Med helsing

Arild Bergstrøm



Dato: 26.04.2013
Arkivref: 2008/1073-5718/2013

Saksbeh.: Bjarte Hovland

Saksnr	Utval	Møtedato
26/13	Nærings- og utviklingsutvalet	06.05.2013
28/13	Formannskapet	13.05.2013
27/13	Kommunestyret	27.05.2013

Støyskjerm Tregardane - Finansiering

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Bygginga av støyskjermen vert å finansiere ved omprioritering av investeringsmidlar. Prosjekt Støyskjerm Tregardane, ansvar 11102, vert styrka med kr. 2.000.000 ved ei omprioritering av midlane til «Meieridalen», jf. løyvinga for år 2013 på kr 5.750.000, med dette redusert til kr 3.750.000,-.

Kontraktstingingane vert i samsvar med innhenta anbod å basere seg på lågaste tilbod.

Saksprotokoll frå møtet i Nærings- og utviklingsutvalet - 06.05.2013

Behandlingsinformasjon:

Samrøystes vedtak: som framlegget frå rådmannen

Nærings- og utviklingsutvalet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Bygginga av støyskjermen vert å finansiere ved omprioritering av investeringsmidlar. Prosjekt Støyskjerm Tregardane, ansvar 11102, vert styrka med kr. 2.000.000 ved ei omprioritering av midlane til «Meieridalen», jf. løyvinga for år 2013 på kr 5.750.000, med dette redusert til kr 3.750.000,-.

Kontraktstingingane vert i samsvar med innhenta anbod å basere seg på lågaste tilbod.

Saksprotokoll frå møtet i Formannskapet - 13.05.2013

Behandlingsinformasjon:
Bjarte Hovland orienterte

Samrøystes vedtak: som tilrådinga frå Nærings og utviklingsutvalet

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Bygginga av støyskjermen vert å finansiere ved omprioritering av investeringsmidlar. Prosjekt Støyskjerm Tregardane, ansvar 11102, vert styrka med kr. 2.000.000 ved ei omprioritering av midlane til «Meieridalen», jf. løyvinga for år 2013 på kr 5.750.000, med dette redusert til kr 3.750.000,-.

Kontraktstingingane vert i samsvar med innhenta anbod å basere seg på lågaste tilbod.

Saksprotokoll frå møtet i Kommunestyret - 27.05.2013

Behandlingsinformasjon:

Samrøystes vedtak: som tilrådinga frå formannskapet

Vedtak:

Bygginga av støyskjermen vert å finansiere ved omprioritering av investeringsmidlar. Prosjekt Støyskjerm Tregardane, ansvar 11102, vert styrka med kr. 2.000.000 ved ei omprioritering av midlane til «Meieridalen», jf. løyvinga for år 2013 på kr 5.750.000, med dette redusert til kr 3.750.000,-

Kontraktstingingane vert i samsvar med innhenta anbod å basere seg på lågaste tilbod.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Bygging av støyskjerm ved Tregardane vart etter notat frå 2009 stipulert til ein kostnad på kr 500.000, berekna etter ca 200 m2 til a kr 2500. Realiseringa vart prioritert med i økonomiplanen for utføring i 2014. Missnøye med framdrift førte til at aktuelle bebuarar gjekk til sak mot kommunen. Denne enda ved Sunnmøre tingrett si domsslutning av 6. desember 2011, der kommunen vart forplikta til å etablere støyskjermen innan 1. september 2012 (Domsslutning vedlagt). Oppdrag med naudsynleg prosjektering vart gitt til Asplan Viak AS pr. 25.04.12 (Avtalestadfesting vedlagt).

Det ligg no føre innhenta tilbod, men med lavaste tilbod til ca kr 1,4 mill eks. mva, sjå saksdokumenta. Realisering føreset at tiltaket må finansierast opp med eit beløp tilsvarande tilbodssummen.

På grunn av at finansieringa har blitt ein vesentleg del, vert saka å fremje for både NU, FSK og KST.

Saksopplysning

Utarbeidde anbodsdokument er datert 15. mars 2013, og er i det vesentlege vedlagt denne saka. Evaluering av tilboda er datert 22. april 2013.

Lågaste tilbydar er ØstCom AS med anbodssum på kr 1.371.089 eks mva, med eit tilbod på kr 338.020,50 lågare enn nr. 2 (Tunnelteknikk AS) og kr 387.300,00 lågare enn nr.3 (Brekke Byggeentreprenør AS). Der kom inn tilbod frå 5 firma. Sjå vedlagt evaluering. Kun hovudsum medteke i denne offentleggjeringa.

Asplan Viak tilrår at det vert gjennomført kontraktstingingar med firmaet med lågaste tilbod, dvs. ØstCom AS.

Støyskjermen som er til oppføring, er på ca 408 m2. Dette er ca det doble enn kva som vart føreset i 2009. I tillegg har der kome til meir omfattande prosjekteringskostnader, jf. og krav frå Statens vegvesen, sjå saksvedlegg med sending frå vegvesenet av 26.10.12.

Vurdering

Det vert tilrådd å slutte seg til tilrådinga frå Asplan Viak AS om å basere utføringa på lågaste tilbod. Dette vil for aktuelt anbod vere i samsvar med reglane for offentlege innkjøp.

Vonaleg vert dette mogleg å gjennomføre. Alternativ deretter vert eventuelt å føre tingingar med nr. 2, eller så nr.3, kanskje og om naudsynleg nr. 4, men ikkje nr.5 då denne er vesentleg dyrare. Ein slik situasjon må ev. verte å kome attende til.

Til finansiering ser ein ikkje andre høve enn å nytte av midlane reservert «Meieridalen», ref. tiltak nr. 11 med ein årssum for år 2013, pr. no på kr 5.750.000.

Denne reguleringsplanen vart kommunestyret i NUsak 22/13, møte 15.04.13, tilrådd å eigengodkjenne. Etter komande handsaming i kommunestyret, må det gjennomførast grunntingingar, så prosjektering og anbodsinnhenting. Å nytte den årlege løyvinga fullt ut til dette prosjektet, baserer seg på ei optimistisk

framdrift. Det er likevel slik at bruk til andre føremål, td. støyskjerm, gjer at prosjekt «Meieridalen» må styrkast opp att via 2014- budsjettet.

Økonomiske konsekvensar

Kr 2 mill av investeringsmidlane, område anlegg, vert å reservere/omprioritere til bygging av støyskjerm i Tregardane, jf. saksutgreiinga.

Ole-Johan Lillestøl
Rådmann

Bjarte Hovland
einingsleiar

Vedlegg:

- 1 Sunnmøre Tingrett Domsslutning av 06.12.11
- 2 Avtalestadfesting
- 3 Tilbudsprotokoll
- 4 Evaluering av tilbod
- 5 beskrivelse anbodsdokument
- 6 grøfteprofil - teikning
- 7 støyskjerm - teikning
- 8 plan og lengdesnitt
- 9 tverrsnitt
- 10 Støyskjerm fv 60 Velledalen - Tregardane - i Sykkylven kommune. Tilbakemelding på e-post av 22.10.2012.
- 11 Investeringsbudsjett - teknisk 2013



Dato: 16.08.2013
Arkivref: 2008/1073-9825/2013

Saksbeh.: Ole-Johan Lillestøl

Saksnr	Utval	Møtedato
46/13	Formannskapet	26.08.2013
26/13	Kommunestyret	16.09.2013

Unntatt iht.: Offentleglova § 13 jf fvl § 13

Støyskjerm Tregardane - vidare arbeid

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Budsjettramma for støyskjerm Tregardane vert auka frå kr 2 300 000 til kr 2 600 000.
Midlane vert å ta frå Meieridalen som får sitt budsjett redusert frå kr 3 955 000 til kr 3 655 000

Saksprotokoll frå møtet i Formannskapet - 26.08.2013

Behandlingsinformasjon:

Formannskapet gjorde vedtaket i medhald av Sykkylven kommune sitt reglement § 2, Hasteparagrafen, samt Kommunelova § 13.

Formannskapet gjorde vedtak om å opne saka for innsyn før behandling.
Bjarte Hovland orienterte.

Samrøystes vedtak: som framlegget frå rådmannen.

Vedtak:

Budsjettramma for støyskjerm Tregardane vert auka frå kr 2 300 000 til kr 2 600 000.
Midlane vert å ta frå Meieridalen som får sitt budsjett redusert frå kr 3 955 000 til kr 3 655 000.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Endra kostnader i samband med anbod på bygging av støyskjerm Tregardane. Vegene vidare.

Saksopplysning

Viser til KST-sak 27/13 som vart handsama av KST den 27.05.13. Det vart gjort følgjande vedtak:
Bygging av støyskjerm vert å finansiere ved omprioritering av investeringsmidlar. Prosjekt Støyskjerm Tregardane, ansvar 11102, vert styrka med kr 2 000 000 ved ei omprioritering av midlane til «Meieridalen», jf. Løyvinga for år 2013 på kr 5 750 000, med dette redusert til kr 3 750 000.

Kontraktstingingane vert i samsvar med innhenta anbod å basere seg på lågaste tilbod.

Det var ØstCom AS som hadde lågaste anbod og fekk jobben.

Når Asplan Viak og ØstCom gjekk gjennom gjennom teikningane og bergningane for støyskjermen, vart det oppdaga at det var gjort ein bergningsfeil i teikningsgrunnlaget som førte til at prisen på støyskjermen gjekk opp frå kr 1 371 100 til kr 1 902 272 (eks mva). Dette er ein skilnad på kr 663 965 inkl mva.

Denne auken har fylgjande grunner:

- Støyskjerm økt i pris pga endring av materialval og løysingar
- Murkostnadane auka pga meir krevjande armering samt kraftigare fundament
- Graving av grøft for støyskjerm/fundament økt pga breiare/høgare fundament

Dette har sett oss i ein krevjande situasjon som vi må finne løysing på.

Budsjettet for støyskjermen er vedteke til kr 2 300 000 for 2013. Det er allereie brukt kr 125 000. Rest til disposisjon er då kr 2 175 000. Totalkostnaden for anbudet er på kr 2 380 000 inkl mva. Vi manglar då kr 205 000. I tillegg kan der kome nokre ekstra omkostningar i samband med bruk av advokat som ein bør ta høgde for.

Kommunen må vurdere følgjande alternativ:

1. Avlyse konkurransen og starte ein ny anbodsrunde
2. Gjere endringar i prosjektet utan å gå til ny utlysing
3. Ta opp att avgjersla frå tingretten
4. Akseptere auken i utgifter ved å utvide ramma med kr 300 000

Rådmannen og teknisk sjef har drøfta saka med kommunen sin advokat, og ordføraren har drøfta saka med Statens vegvesen. Ordførar og rådmann er samde om at vi må leggje saka fram for FSK.

Vurdering

Kort om dei ulike alternativa:

- Avlyse konkurransen: Dette kan ein nok gjere ut frå at det er teke atterhald i anbodspapira om kommunale løyvingar. Men det er usikkert om ein ville kome rimelegare unna det med ein ny anbodsrunde. Anboda i den gjeldande runden «spriker» med over kr 2 000 000. Vi kan kanskje også rekne med krav frå dei som har lagt inn anbod.
- Gjere endringar i prosjektet: Det kan vi ikkje gjere. Då kjem vi i konflikt med «lov og off. anskaffelse» som vil krevje ny utlysing.
- Dommen i tingretten: Dette er ikkje mogleg å få gjennomført då vi har akseptert dommen frå 2012.
- Utvide ramma for prosjektet: Dette er den enklaste løysinga som ikkje vil skape problem i forhold til prosjektet eller tilbydarane. Dette vil heller ikkje forseinke prosjektet. Men det er svært beklagelig når vi nettopp har hatt sak om endra ramme for prosjektet.

Den 16. august kom det varsel frå advokaten til oppsitjarane i Tregardane om at dei ville sende begjæring om tvangsfullbyrding av vedtaket til tingretten dersom støyskjermen ikkje er etablert innan 14 dagar.

Rådmannen si vurdering, som også er støtta av teknisk sjef og kommunen sin advokat, er at ramma til prosjektet vert utvida med kr 300 000 for å fullfinansiere prosjektet slik av arbeidet kan kome i gang omgåande. Midlane vert å ta frå prosjekt Meieridalen som vert redusert tilsvarande.

Økonomiske konsekvensar

Dei totale utgiftene for 2013 vil ikkje auke, men ein vil måtte omdisponere eksisterande investeringsmidlar.

Ole-Johan Lillestøl
rådmann

Ref. Eport fra ØstCom av 24.01.14

Støyskjerming FV 60 Velledalen

Poster av betydning:

Prosjekt	Beskrivelse	Enhet	Mengde	Pris	Sum
Mengderegulering					
D.20.8	Transport innenfor anl. omr. til permanent tipp	kbm	35	270	9450
D.20.7	Transport utenfor anleggsoner	kbm	100	300	30000
D.20.8	Utlegging av fylling	kbm	5	400	2000
D.20.9	Utlegging av løsmasser i grøft	kbm	40	400	16000
D.20.10	Tilbakefylling av løsmasser mot konstruksjon	kbm	10	300	3000
D.20.11	Vegetasjonrydding	km	300	40	12000
D.20.13	Forsikling av fundamnt	km	335	400	134000
D.20.14	Armering med kamstenger	kg	4081	80	326480
D.20.15	Plassert normalbetong	kbm	55	2400	132000
Utdr:					
D.20.1	Graving av grøft	m	15	145	2175
D.20.2	Utlegging løsmasser i grøft	m	15	100	1500
D.20.3	Utlegging løsmasser i grøft	m	15	100	1500
D.20.4	Utlegging løsmasser i grøft	m	15	100	1500
D.20.5	Arbeidsledning grøft	m	15	100	1500
Utdr til utv:					
D.20.1	Vegetasjonrydding	km	134	30	4020
D.20.2	Vegetasjonrydding	km	230	35	8050
D.20.3	Arbeidsledning	km	134	30	4020
D.20.4	Arbeidsledning	km	230	30	6900
D.20.5	Arbeidsledning	km	230	30	6900

Tillegg utover ovennevnte:
 Forlengelse av eksisterende autoværn
 Isolasjon under betongfundament

Sum Endringer
 I avtale
 Minus fakturert til nå
 Til fakturering januar 2014

Fakt. Forbruk	Merforbruk	a pris	Sum
310	275	270	74250
316	216	300	64800
170	165	400	66000
146	104	400	41600
310	300	300	90000
600	300	40	12000
415	80	400	166000
7097	3016	80	241280
121.1	66,1	2400	158640

Transport
 Transport
 Tilført ny masse til erstatn
 Tilført ny masse til erstatn
 stedlige masser
 Avskoget hele arealet
 Ref tidligere mai
 Ref tidligere mai
 Ref tidligere mai

2175
1500
1500
1500
1500
1500
0
4020
8050
4020
6900
6900
2656
75250

430 175

816691
 1902272
 -2115000
 603963

inkl. mva:

754.954

Fsk 26.08.13 ; budsjett ramme : 2.600.000

I avtale : 1.902.272

Endring : 816.691

Σ : 2.718.963

m. mva = 3.398.704

Fsk orientert i møte 27.01.14.

NV — — — — 11.02.14.

B.H.



Utval: Formannskapet
Møtestad: Formannskapssalen, Sykkylven rådhus
Dato: 27.01.2014
Tid: 15:00 – 18:45

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Petter Lyshol	Ordfører	H
Olav Harald Ulstein	Varaordfører	FRP
Anne Karin Watters	Medlem	AP
Helga Lermo Johansen	Medlem	FRP
Synnøve Ramstad	Medlem	H
Odd Arne Eidem	Medlem	KRF
Irene Tafford Løvoll	Medlem	SP

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Arne Bakkedal	MEDL	V
Steinar Johan Bakke	MEDL	AP

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Ivar Johansen	Steinar Johan Bakke	AP
Steinar Myrseth	Arne Bakkedal	H

Fra administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ole-Johan Lillestøl	Rådmann
Arild Bergstrøm	Økonomisjef
Eldrid Suorza	Kommunalsjef
Oddmund Grebstad	Brann/bygningssjef
Bjarte Hovland	Einingsleiar tekniske tenester
Synnøve Hunnes	Einingsleiar fellestenestene
Kristin Dyrkorn	Rådgjevar barnehage
Anne Lena Utgård	Formannskapssekretær

3 av 10 sider

Sakliste

Saksnr	Sakstittel	Lukka
PS 1/14	Godkjenning av protokoll frå forrige møte	
PS 2/14	Referatsaker	
RS 1/14	Vinterstenging Fasteindalen - spørsmål til ordføreren til formannskapsmøtet 27.01.14	
RS 2/14	Eventuelle driftsreduksjonar år 2014	
RS 3/14	Innkjøp av buss	
RS 4/14	Støyskjerming Tregardane	
RS 5/14	Nemnd for Grunnlovsjubileet 2014	
PS 3/14	Allmeningskai på Ørsneset	
PS 4/14	Ny førehaving - Budsjett 2014	
PS 5/14	Sørestranda skule - Byggerekneskap	
PS 6/14	Tryggheim barnehage søknad om kommunalt driftstilskot og kapitaltilskot for ny avdeling frå 01.01.2014	
PS 7/14	Driftstilskot og kapitaltilskot for ikkje kommunale barnehagar i Sykkylven 2014	
PS 8/14	Avtale mellom Helse Møre og Romsdal og Sykkylven kommune om øyeblikkeleg hjelp døgnopphald i Sykkylven kommune	
